

# Referat frå møte i rådet ved Institutt for framandspråk

*Merknader til referatet må sendast til [arve.uthaug@uib.no](mailto:arve.uthaug@uib.no) seinast 17. juni 2016.*

**Møtetid:** onsdag 8. juni 2016

**Stad:** Seminarrom 400 i fjerde høgda av HF-bygget

## **Til stades:**

Frå gruppe A: Pernille Myrvold (arabisk), Reidar Veland (italiensk), Harry Solvang (japansk/kinesisk), Brita Bryn (russisk), Anette M. Jørgensen (spansk) Åsta Haukås (tysk), Helge Vidar Holm (fransk) og Åse Johnsen.

Frå gruppe B: Ingen møtte

Frå gruppe C: Hild Meland Rød

Frå gruppe D: Lars Ask

Hanne Svanholm Misje møtte som vikar for administrasjonssjefen (referent).

## **Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste**

Godkjende utan merknader.

## **Sak 2 – godkjenning av referatet frå 16. mars 2016**

Godkjent utan merknader.

## **Sak 3 – orienteringssaker**

A. Utlysningsteksten til stipendiatstillingane blir snart publisert. Søknadsfrist 20. august 2016. Instituttleiar anbefaler at faglege som har gode kandidatar, oppmodar desse til å søke.

B. Utlysing av prisar:

- Sporvugleprisen (HF sin pris for utdanningskvalitet), frist 1. september.
  - Formidlingsprisen, frist 1. september.
- Til desse prisane kan både studentar og faglege nominere kandidatar.
- Pris for unge forskarar i humanistiske fag: fast tilsette i vitskapelege stillingar ved HF kan foreslå kandidatar. Frist: 1. september.

C. Allmøte HF2018: måndag 13. juni kl. 09:00. Instituttleiar oppmodar alle om å gå.

D. Det er kome nye reglar for professoropprykk. Desse blir sendt ut til dei tilsette. Dei nye reglane vart handsama i fakultetsstyret 28. april.

E. Det er kome nye retningslinjer for tildeling av forskingstermin. Dei nye retningslinjene får ingen konsekvens for tilsette i professor- og førsteamanuensisstillingar. Universitetslektorar fell utanfor den nye ordninga, då forskingsfri er reservert for professorar og førsteamanuensar. Ei gruppe (dosent, førstelektor, universitetslektor med personleg opprykk til førsteamanuensis) kan få ei særleg tidsordning for forsking og utviklingsarbeid: Ein kan få tre månader etter tre års opptening eller seks månader etter seks års opptening. Dei nye retningslinjene blir sendt til alle.

#### **Sak 4 – Budsjett 2017**

Fakultetet skriv i brevet sitt, mottatt 3. juni, at dei vil ha økonomien ved IF opp som ei eiga sak i fakultetsstyret i løpet av hausten 2016. Det er dyrare å drive fram studiepoeng i framandspråk enn det er i mange andre fag, og det er positivt for IF at fakultetsstyret no tar dette opp.

Det har ikkje vore tid til å fylle ut alle postane som var nemnd i brevet frå fakultetet før instituttrådsmøtet, men instituttleiinga har laga eit utkast til punktet om prioritering av stillingar som vart lagt fram for instituttrådet.

Utkastet til brevet blei diskutert på møtet, og følgjande kommentarar blei lagt fram:

#### Gjeld stilling 2 – Professor/førsteamanuensis i franskspråkleg litteratur/kultur

Fagmiljøet ønskjer at kulturaspektet ikkje står sterkt når denne stillinga skal utlysast. Det er større behov for ein litteraturvitar. Fagmiljøet forslår å kalle stillinga for professor/førsteamanuensis i fransk litteraturvitskap, og så presisere i utlysingsteksten av personen som blir tilsett, òg må kunne undervise i kulturkunnskap.

#### Gjeld stilling 3 – Universitetslektor i japansk språk

På tilsvarende tidspunkt i fjor hadde ein førsteamanuensis i japansk språk førsteprioritet. Fagmiljøet lurar på kvifor prioriteringa no er annleis. Grunnen til at japansk hadde førsteprioritet i fjor var ønsket om å opprette eit masterprogram i japansk. Sånn som det ser ut i dag (jfr. prosjektet HF2018), er ikkje master i japansk prioritert frå fakultetet si side og derfor er førsteamanuensis-stillinga nedprioritert. For fagmiljøet på japansk er det i orden å be om ei universitetslektorstilling, men det betyr ikkje at kampen for eit masterprogram ikkje blir prioritert frå fagmiljøet si side.

Solvang foreslo følgjande endringar i teksten:

1) på linje 4-6: kutte det som står om master der.

2) siste linje: kutte siste del av setninga «fremfor en førstestilling». Ny setning blir: «Japansk er et særs vanskelig språk og har et stort undervisningsbehov og det er derfor ønskelig at faget får en universitetslektor-stilling.»

Andre endringar:

- Stilling i fransk blir flytta opp til det innleiande avsnittet, sidan dette er ei stilling som blir vakant. Dette er ikkje ei ny stilling me ber om, men ei som blir ledig ved naturleg avgang.
- I stilling 1: i siste avsnitt, fjern tekst om subsidiært 50% og legg til argumentet at spansk kan bli fag éin i lektorutdanninga med denne stillinga.

- Fagmiljøet i russisk har eit ønske til eit femte forslag i prioriteringslista: Då Malvin Fonnes gjekk av med pensjon, blei det ein ubalanse mellom litteratur og språk på russisk. No er det tre tilsette innanfor litteratur og ein innan språk. Når neste person sluttar/går av på russisk, ber fagmiljøet om at denne stillinga blir erstatta og omgjort til ei språkstilling.

I prioriteringane utafør ramma kom det forslag om å inkludere ei stilling i samband med det nye praksisemnet som er under utarbeiding

*Vedtak (samrøystes):*

*Rådet sluttar seg til vurderingane og prioriteringa i utkastet til svarbrev frå instituttet om budsjettframlegget for 2017 med dei forandringane som kom fram i møtet. Instituttleiinga får fullmakt til å fylla ut og gjere ferdig brevet.*

#### **Sak 5 – Strategi- og tiltaksplan for 2016-2019**

Det var ein periode med langt etterslep på referat som låg på nettet etter møte i UUI, IR og FU. Dette har blitt lagt inn i tiltaksplanen til IF.

*Vedtak (samrøystes):*

*I tiltaksplanen til instituttet, under punktet om IF som arbeidsplass, blir følgjande punkt lagt inn: «Alle innkallingar med sakspapirer skal legges ut på IF sine sider i forkant av møter i Forskningsutvalget (FU), Undervisningsutvalget (UUI) og Instituttrådet (IR). Referat frå FU, UUI og IR skal være tilgjengelig på nettsidene til IF innan to uker etter møtet.»*

#### **Sak 6 – Møteplan for hausten 2016**

Møteplan for instituttrådet hausten 2016:

Onsdag 14. september kl. 12.15

Onsdag 16. november kl. 12.15

*Vedtak (samrøystes):*

*Instituttrådet godkjenner møteplanen for hausten 2016.*

#### **Sak 7 – Ymse**

Ingen saker.

Åse Johnsen,  
instituttleiar

Hanne Svanholm Misje  
(for Arve Kjell Uthaug),  
studiekonsulent